

Skole der folk bur?



Karl Jan Solstad,
seniorforsker,
Nordlands-
forskning



Rune Kvalsund,
professor,
Høgskolen
i Volda



Den omfattende nedleggjinga av bygdeskular samla sett, er kanskje den største reforma av norsk skole på mange tiår. Hauan grendeskole i Fauske vart nedlagd i 2009.

Motivasjonssvikt, fråfall eller bortval, ikkje minst for gutar, viser at dei unge ikkje ser bruks-samanhengane og meininga med kunnskapen dei skal lære. Institusjonalisering av læring og oppseding med dette innhaldet, er eit sosialt eksperiment som vi enno ikkje ser konsekvensane av.

Det gir opphav til tvil; burde ikkje «livets skole» igjen spele ei større rolle i kvalifiseringa av ungdom til arbeids- og samfunnsliv?

Bygdeungdom med skole langt frå heimstad og lokalt arbeidsliv får i skolen få erfaringar som gjer det sannsynleg at dei vender tilbake til eigen oppvekstrengion etter vidare utdanning. Orienteringa av dei unge bort frå bygdene startar alt i grunnskolen både fordi innhaldet er blitt for standardisert og livsfermt og fordi sentraliseringa av bygdeskulane tar dei unge ut av sitt miljø. Sentralskolane verkar som sentrifuger som eksporterer for mange unge ut av regionen – for godt.

Med minkande folketal og utan barnehage og grunnskole, rekrutterer ikkje lokalsamfunna ny arbeidskraft, blir gradvis uttynna og kan over tid bli avfolka. Byens utfordringar og bygdenes ressursar i dag burde tilseie at flyttestraumen gjekk andre veggen (sjå Kjetil Sørli, 2010).

Sjølvi i denne situasjonen dominerer økonomisk innsparing og skolenedlegging i bygdekommunane – ikkje mobilisering og investering. Geografien og busettingsmønsteret i dette lan-

det, som det er eit politisk mål å halde oppe, gjer at vi treng lokale skoleløysingar.

Det standardiserande grepet – riksskole i utkantstrok (jf Karl Jan Solstad, 1978) er eit feilgrep. Når talet på små bygdeskolar minkar, og avstanden mellom skole og heim aukar, blir ikkje læring og oppseding det fellesløftet for heim og skole som det er meint å vere.

Mangfaldet i den spreidde busettinga og dei positive kvalitetane ved den tilhøyrande skoleorganiseringa, t.d. nærleik til natur, produksjonsliv og kultur, synest uråd å få med i vurderingane.

Skolane blir heller ikkje vurderte etter sine særsegne kvalitetar, men kjemt over same kammen – dei urbane målestokane – og omtalte som mangeltutgåver av dei større by- og bygdesenterskolane. Gir forskning grunnlag for slike bilete av småskolane og dermed ei omfattande skolenedlegging?

Profilerte pedagogar som t.d. Thomas Nordahl, har gått ut i

norske media med at hans forskning på skular i ein større austlandskommune viste at småskoar sto svakt både i fagleg og sosial læring.

Direktør i Utdanningsdirektoratet, Petter Skarheim, har også sett fram sterke påstandar – i Dagsavisen og på KS-konferansar for rådmenn og ordførarar: små skular i små kommunar er eit trugsmål mot læringsarbeidet i skolen og det likever-

Det standardiserande grepet, riksskole i utkantstrok, er eit feilgrep.

dige skoletilbodet. Direktøren uttaler seg svært negativt om læringsarbeidet i småskulane. Dei må leggast ned.

Men nærare inspeksjon av inn-

hald og forskingsmetodar, viser at forskinga dei to aktørane viser til, på ingen måte gir grunnlag for slike konklusjonar.

Småskolane har fleire sterke sider som gir tilskot til danninga av «sjølvstendige og gagnlege menneske» slik formålsparagrafen i opplæringslova krev, men som dei nasjonale prøvene ikkje måler.

Sentraliseringsstrevet på skolefeltet er gammalt tankegods, oftast utan forankring i forskning og i strid med fokeviljen i dei

fleste lokalsamfunn som blir offer. Likevel skjer det – igjen og igjen.

Sentralisering blir oppfatta som fråkopla enkeltsaker i lokaldemokratiet. I realiteten er likevel den omfattande nedleggjinga av bygdeskular samla sett, kanskje den største reforma av norsk skole på mange tiår – eit mønster i strid med nasjonale målsettingar.

Kva skal til for å snu den omfattande nedleggjinga av bygdeskular med fråkopling av læring i skolen frå levande liv i natur, kultur, samfunn og produksjon?

Biletet av norske bygder som stader «der ingen skulle tru, at nokon kunne bu» må oppdaterast. Første steget er bruk av relevant forskning, og ei meir ærleg framstilling av kva potensiale og kvalitetar småskolane og lokalsamfunna som dei er ein del av, faktisk representerer. Derest må den rikspolitiske ansvarsfråskrivninga opphevast.

Det er i alle fall ein start.

■ 10.900 elever ved 230 skoler har opplevd at skolene deres har blitt nedlagt siden de rødgrønne overtok makten i 2005.

Kilde: Aftenposten